



Hordaland fylkeskommune

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/377 - 16/4102

Saksbehandlar:

Katarina Birkeland

katarina.birkeland@radoy.kommune.no

Dato:

18.03.2016

## Uttale tannklinikk-struktur Ope brev til Hordaland fylkeskommune/Fylkestannlegen

Radøy Ungdomsråd er bekymra for konsekvensane nedlegging av tannklinikkar i distrikta kan få. Sentralisering kan vera vel og bra, men det oppstår heilt nye problemstillingar når det skapar store utfordringar for dei som skal brukta tenestene.

Dersom ein bestemmer seg for å legge ned tannklinikkar i distrikta, og som erstatning lage ein felles klinikk, vil den mest openbare problemstillinga vere reiseveg. Kommunikasjonane i Nordhordland har nokre manglar, og reisetidene som ei sentralisering vil medføre, vil vere mykje lengre enn det dei ville vore om tannklinikken var lokalisert i dei ulike distriktsentra i staden. Det vil også gjere det vanskelegare for eldre å motta tannpleie, sidan dei kan ha vanskar knytt til reiser og reiseavstand.

Ei anna problemstilling som kan oppstå pga. sentralisering av tannhelse, er underdimensjonerte fasilitetar. Viss ein samlar alle klinikkar i Nordhordland i eit eller to hus, vil ein då ha potensialet til å behandla fleire hundre pasientar samtidig. Dette kan gjere det vanskeleg å berekne kor mykje plass som trengst, og kor mange tilsette som er nødvendig. I andre enden av dette har me også dei som jobbar på dei noverande tannklinikkane. Desse personane vil ikkje lengre kunne jobbe i sitt nærmiljø, og dette kan då føre til ei større fråflytting frå distrikta, samt mindre incentiv til å flytte til dei. Dette vil då skape eit potensielt kompetansevakuum i bygder, når fleire og fleire bestemmer seg for å bu og jobbe i byar i staden.

Endå ei problemstilling som vil gjere dette systemet mindre gunstig for yngre innbyggjarar i distrikta, er mangelen på kollektivtransport. Tilbodet er rett og slett ikkje godt nok for effektiv transport til og frå desse områda utanfor rushtida. Ta til dømes Fedje. Den kortaste reisetida derfrå til Knarvik er 1 time og 30 minutt, og til Austrheim, Sletta på Radøy er 1 time, viss ein nyttar seg av kollektivtilbodet.

---

### Post

postmottak@radoy.kommune.no  
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

### Kontakt

Telofon +47 56 34 90 00  
Telefaks +47 56 34 90 01

[www.radoy.kommune.no](http://www.radoy.kommune.no)  
Konto 3636 07 00776  
Org.nr. 954 748 634

Ungdomsrådet er bekymra over korleis dette vil påvirke elevane på skulen. Den lange reisetida og dårlig kollektivtransport i Nordhordland kan føre til at elevane vil måtte vere borte lengre frå skulen – noko som også kan påvirke karakterane.

Born kan ikkje reise aleine, og må ha foreldre med seg. Å ta tannklinikke ut av lokalsamfunnet gjer at føresette må ta seg fri frå jobb for å følgje borna sine eller køyre ungdommen på grunn av dårlig kollektivtransport. Me stiller då spørsmålet: korleis er dette ei god og effektiv løysing for lokalsamfunnet og innbyggjarane her?

Alt i alt vil sentralisering av tannhelse skape kompetansevakuum i distrikta, lang reise for majoriteten av pasientane, unødvendig fråvær for elevar i skulen og for føresette frå jobb, og vanskar for eldre og for funksjonshemma for å få tannhelsehjelp.

Jonatan Espeland på vegner av

Radøy Ungdomsråd

Med helsing

Katarina Birkeland  
ungdomskoordinator

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Nordhordland avis  
Strilen

**Mottakarar:**

Hordaland fylkeskommune